

(Kopi av  
tidligere vedtak.)

# Austrheim kommune

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	15.05.2013	098/13	Thomas Lindås

Saksansv.: Thomas Lindås	Arkiy: GNR-157/17	Arkivsaknr: 12/501 -3
--------------------------	-------------------	-----------------------

### Søknad om tiltak utan ansvarsrett, flytebrygge gnr 157 bnr 17, Jan Asbjørn Zachariassen

Dokument i sak			
Nr	T	Dok.dato	Avgendar/Mottakar
1	I	25.05.2012	Jan Asbjørn Zachariassen
2	O	01.06.2012	Jan Asbjørn Zachariassen
			Tittel
			Søknad om tiltak utan ansvarsrett, flytebrygge gnr 157 bnr 17, Jan Asbjørn Zachariassen
			Melding om motteken søknad om tiltak utan ansvarsrett, flytebrygge gnr 157 bnr 17, Jan Asbjørn Zachariassen

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapei i Austrheim gjev mellombels dispensasjon i 5 år for plassering av flytebrygge på 6,2 x 2,4 meter på følgjande vilkår:

- Flytebrygga skal fjernast seinast 5 år etter dato for dette vedtaket om det ikkje er gitt nytt loyve til brygga.
- Det skal rapporterast skriftleg til kommunen når flytebryggja er fjerna.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreininga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-3.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

#### Særutskrift sendt:

Jan Asbjørn  
Zachariassen

#### Date:

Øvre Kaptein Amlandssvei 5161  
10

#### Sign:

LAKSEVÅG

**1. Saka gjeld:**

Søknad om dispensasjon på gnr. 157, bnr. 17.

**2. Saksopplysningar:**

Det er søkt om utlegging av flytebrygge på 6,2 x 2,4 meter:

Fig 1:



Fig 2:



Søkjar grunngjев søknaden med at dei 6 eigara av tomta som ønskjer å fortøye båt. Om dette skal gjerast med ile vil det hindre ferdsel gjennom sundet. Søkjer meiner difor at flytebrygge er den beste løysinga.

Tiltaket er nabovarsla. Det er ikkje komne merknader til nabovarslinga.

### **3. Vurdering:**

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta råtteleringa fra Fylkesmannen i Hordaland.

#### **Vurdering etter plan- og bygningslova**

Ved handsaming av dispensasjonsøknaden skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak byggeforbodet i strandsona samt arealformålet i kommuneplanen blir vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og tilgjenge for allmenta som er vurderingstema.

Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsloyve blir klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser.

Når det gjeld både byggeforbodei i strandsona og arealformålet i kommuneplanen så er omsynet bak i hovudsak å sikre ålmenta sin bruk av strandsona samt sjøen.

Tiltaket det her er tale om er ei relativt lita flytebrygge for fortøyning av 6 båtar. Tiltaket vil i noko grad tilside sette omsyna bak øygje, oodet i strandsona og arealformålet i kommuneplanen. Det kan likevel ikkje seiast at omsyna blir vesentleg tilsidesett.

Det må så gjerast ei vurdering av om fordelane med å gje dispensasjon vert større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Det er her fleire moment som gjer seg gjeldande. For det første vil flytebrygga gje ei betre løsing for fortøyning av båtar i området. Dette er ein ordei for både sokjar og ålmenta da det ikke berre er ei praktisk løsing for sokjar men og gjer ein øvre estetisk uttrykk og beslaglegg minare av strandsona og sjøa eit.

Vidare er arealet på land regulert til fritidsbustad. Austrheim kommune er no i gang med ny kommuneplan der ein vil ta sikte på å regulere arealet i området for ei felles småbåthamn. Dette før a få på plass gode fellesløysingar. Dette løyer ikkevel ikkje utfordringane med fortøyning av båtar per i dag. Ein mellombels dispensasjon i 5 år vil difor avbøte situasjonen på kort sikt samstundes som ein arbeider for å få på plass varige fellesløysingar i området. Dette taler for å gje dispensasjon.

Det må og peikast på at sidan det her er tale om ein mellombels dispensasjon i eit område ein tar sikte på å regulere inn småbåthamn seinare så vil presedensverknadene vere små.

Etter ei konkret vurdering der det er lagt særleg vekt på at dispensasjonen er mellombels er det klart at fordelane med å gje dispensasjon vert større enn ulempene.

#### **Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:**

Formannskapet i Austrheim gjev mellombels dispensasjon i 5 år for plassering av flytebrygge på 6,2 x 2,4 meter på følgjande vilkår:

- Flytebrygga skal fjernast seinast 5 år etter dato for dette vedtaket om det ikkje er gitt nytt løyve til brygga.
- Det skal rapporterast skriftleg til kommunen når flytebryggja er fjerna.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreininga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-3.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.